

Bustøtte – endringar i meldepliktige inntekter og formue

- Månadlege inntekter som løn, pensjon og stønader hentar vi automatisk kvar måned frå Skatteetaten.
- I dette skjemaet kan du melde frå om endringar i netto formue eller kapitalinntekter, næringsinntekter eller utenlandsinntekter. Hugs at du må ta med formue og inntekter både i Noreg og i utlandet. Inntekta og formuen til barn under 18 år er ikkje med i utrekninga.
- Dersom du ikkje fører opp noko i felta under, bruker vi automatisk opplysningar frå siste skatteoppgjer.
- Du treng ikkje å dokumentere opplysningane. Opplysningane blir etterkontrollerte når skatteoppgjeret for 2019 er klart. Vi kan også be om dokumentasjon seinare dersom vi ønskjer å kontrollere søknaden din.
- Treng du hjelp til å anslå inntektene eller netto formue, bør du kontakte Skatteetaten. Du finn kontaktføring på skatteetaten.no.
- Fristen for å sende inn nye opplysningar er 25. kvar måned.

1 Ditt namn og fødselsnummer

Fødselsnummer (11 siffer)	Etternamn	Fornamn
---------------------------	-----------	---------

2 Før opp netto formue i 2019

Fødselsnummer (11 siffer)	Netto formue

Her skal du anslå netto formue i Noreg og i utlandet per 31. desember 2019.

Netto formue er brutto formue minus gjeld. Brutto formue kan vere verdien av bankinnskott, formuesverdien av fast eigedom, bil og verdipapirer. Gjeld kan vere bustadlån, studielån og anna. Er gjelda større enn formuen, så er netto formue eit negativt tal.

Har du høg netto formue fordi du skattar for formuen til barn, må du i tillegg fylle ut skjemaet [HB 9.S.09\(N\) – Opplysningar om barn sin formue](#).

3 Før opp kva du trur blir kapitalinntekter i 2019

Fødselsnummer (11 siffer)	Kapitalinntekt

Kapitalinntekter er til dømes renteinntekter, utbyte av aksjar og overskot frå sal av bustad eller utleige.

Du treng ikkje å sende inn nye opplysningar dersom kapitalinntekta er under fribeløpet på 5 258 kr per person.

4 Før opp kva du trur blir næringsinntekter i 2019

Fødselsnummer (11 siffer)	Næringsinntekt

Næringsinntekter er brutto personinntekter (før skatt) frå sjølvstendig næring.

5 Før opp kva du trur blir utanlandsinntekter i 2019

Fødselsnummer (11 siffer)	Utanlandsinntekt

Her skal du føre opp kva du trur blir brutto løn, trygd og pensjon i utlandet i 2019.

Du skal ta med utanlandske inntekter sjølv om du ikkje skatter for dei i Noreg.

Eg stadfester at opplysningane i skjemaet er riktige.

Dato	Søklar si underskrift
------	-----------------------

Send skjemaet til
bustøttekontoret i
kommunen /
bydelen

